

## Saksgang

Utvål	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

## Handlingsplan frå eigar- Selskapskontroll av Ferde AS

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber **eigar** om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av Ferde AS til første møte i utvalet i 2021.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 25.01.2021.

### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 03.03.2020 av selskapskontroll av Ferde AS når det gjeld eigar sitt ansvar for å iverksette forbetringstiltak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjear

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

#### Vedlegg

- 1 Selskapskontroll av Ferde AS - handlingsplan

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 02/20 i møte 03.03.2020:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillende kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be **styret** syta for at selskapet:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderinger for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
  - a) Fullføre revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
  - b) Halde fram med det pågående forbetringarsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
  - c) Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer
  - d) Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette
7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
  - a) Konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
  - b) Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærståande og eventuelle transaksjonar mellom desse
9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigheit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp
11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan frå **styret** i tråd med punkt 11 over vart handsama i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 der det i sak PS 54/20 vart vedteke frist for ny status i oppfølging av denne selskapskontrollen til 21.09.2020.

Denne saka gjeld handlingsplan frå **eigar** i tråd med punkt 5 over,

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

## **Vurderingar og verknader**

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 30.06.2020 frå fylkesrådmannen, som inneheld handlingsplan for oppfølging av selskapskontroll av Ferde AS for det som gjeld vedtaket om kva eigar i selskapet skal syta for å gjera.

Av notatet går fram at det er sett i gang fleire forbettingsprosessar for å bidra til forbetring i eigaroppfølginga. Det går vidare fram at det meste av forbettingsarbeidet skal vera ferdig gjennomført i løpet av hausten 2020.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av denne selskapskontrollen frå eigar til første møte i utvalet i 2021. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på status på eigar si oppfølging av denne selskapskontrollen til første møte i utvalet i 2021. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta, for å få på plass forbetringane.